

Padling i Finnåsvika på Bømlo



Frå Åreid



Frå Kulleseidkanalen



Frå Ulvesøya



Ro og fred - naturopplevingar - frisk luft

Finnåsvika er ei av perlene i "sommar-Bømlo", omkransa av grønne bakkar med beitande sauer, bratte lier og skogkledde øyar. På fine dagar ligg sjøen speilblank og inviterer deg ut til ein padletur som gir ro og fred i sjela.

Ute i kajakken kan du fylgja ruteforslaga her, eller finna di eiga lei, i eller utanfor bukta. Gode naturopplevingar finn du over alt. I heile området kan det vera eit yrande fugleliv. Ikkje skjeldan ser du havørn som kretsar majestetisk over deg, på jakt etter byttet sitt.

Finnåsvika er eit skjerma arvatn, men her kan likevel solgangsbrisen bli krevjande. Stranda i Åreid er mykje brukt som badestrand på fine sommardager. Då kan det vera trangt om plassen for bil og båtar.

Nyt flotte padleopplevingar i Finnåsvika.



Kompetanse.

Løypene er gradert ut frå at padlaren har kompetanse tilsvarande

Norsk Padleforbund sitt



[Grunnkurs Hav](#)

Padlevettregler

- Bruk padlevest
- Vel kajakk og utstyr som passar deg
- Sjekk værmelding
- Ver bevisst eigen dugleik
- Kle deg etter vasstemperaturen
- Sei ifrå kor du padlar
- Ver synleg
- Hugs vikeplikt og avstand til andre båtar
- Øv på redningsteknikkar
- Ver miljøbevisst – hugs sporlaus ferdsel



GjensidigeStiftelsen



TURSKILTprosjektet
DET SKAL MERKES I HELE LANDET